

# Seimstrand as

5912 SEIM.

Telef. 56 35 79 10

Mob. 91 19 00 60

Telefax 56 35 79 15

Lindås Kommune  
Teknisk Drift VVA  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 9. 02. 2016	
Ark saksnr 16/27	Løpenr
Saksr.	Tilgangskode

## VEDR. UTSKIFTING AV FETTUTSKILLAR VED VÅR SPAR AVDELING.

Vi har sett rørlegger i gang med å få inn prisar og gjere utskifting av vår fettutskillar.

Det som er vanskeleg er å vite kva for fettutskillar vi skal velje, då leverandør ikkje vil gå god for kva for utskillar Lindås Kommune vil godkjenne.

Vi ber difor om å få eit møte der vi saman kan verte samde om kva krav Lindås Kommune stiller til utskillar, slik at vi ikkje kjem i ein situasjon der vi bytter ut, for så å få beksjed om at dette ikkje er ei god nok løysing.

Det kan opplysast at vi har stadig mindre produksjon av matrettar, der vi sjølv produserer.

Det er i større og større grad ferdigprodusert mat som vi varmar opp for sal.  
Dette gjer at vi vil ha langt mindre fett som skal skiljast ut av fettutskillar.

Unntaket er i hovudsag ved stiking av kylling, men her kan vi samle det mest på brett som kan skrapast av og samlast for levering til godkjendt mottak.

Vi har vanskar med å sjå at vi skal ha bruk for stor utskillar, samstundes som vi skal tømme denne 4 gonger pr. år.  
Berre kostnaden for 4 tømningar overstig det vi kan tene på det vesle salet vi har av varmmat.

Be om forslag til ein møtedato, slik at vi kjem vidare med denne saka.

Med helsing for Seimstrand AS

Rune Hindenes  
Dagleg leiar